

SMÅKRAFT AS
Postboks 2389, Solheimsviken
5824 BERGEN

Vår dato: 09.03.2023

Vår ref.: 202303366-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar

Ole Per Schei

Dam Nedre Botnavatnet – omsøkte tiltak skal handsamast etter reglane i plan og bygningslova

Vi viser til dykkar søknad om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for arbeidet med forsterking av Dam Nedre Botnavatn på Osterøy.

Nordhordlands kommunale kraftlag fekk ved ministerpresidentens avgjerd i regjeringssmøte 10.09.1942, løyve til å regulere Øvre Botnavatn og Ljosavatn, og overføring av Ljosavatn til Øvre Botnavatn. Løyvet vart stadfesta ved regj. res. 19.07.1946. Nytt manøvreringsreglement for vassdraget vart fastsett ved kronprinsregentens res. av 20.04.1956 i samband med at det vart fastsett nye reguleringsgrenser for Ljosavatnet. Det vart vidare fastsett nytt manøvreringsreglement for reguleringa av Tyssevassdraget i kgl.res av 10.10.2003, jf NVE saknr: 200204380-12. Denne erstatta reglementet frå 20.4.1956 og omfatta redusert HRV for Øvre Botnavatn.

I tillegg til magasina Øvre Botnavatn og Ljosavatn som det er gitt reguleringskonsesjon for, er det i same vassdrag eldre, mindre reguleringar av Nedre Botnavatn, Osvatn og Toskedalsvatn. Desse er ikkje omfatta av konsesjon etter vassdragslovgjevinga. Det er pr i dag 2 kraftverk som gjer seg nytte av reguleringane i vassdraget, Osvatn kraftverk og Tøsse kraftverk. Osvatn kraftverk nyttar fallet mellom Nedre Botnavatn og Osvatn.

Anlegg med konsesjon etter vassdragslovgjeving er unnateke frå kravet til byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

Dam Nedre Botnavatn er ikkje omfatta av konsesjon etter vassdragslovgjevinga og er soleis ikkje unnateke byggesaksreglane som nemnd ovanfor. Tiltaka som er skissert i detaljplan for miljø og landskap skal følgjeleg handsamast etter plan og bygningslova og med kommunen som mynde. NVE skal soleis ikkje handsame detaljplan for miljø og landskap i denne saka.

Med helsing



Ole Per Schei
Senioringeniør

Godkjent av Mari Hegg Gundersen
Seksjonssjef

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

SMÅKRAFT AS

Kopimottakarliste:

Osterøy kommune